



# Kvinnherad kommune

Fellestenester  
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»



Saksbehandlar  
Torill Slåke

Tlf. direkte innval

Vår ref.  
2015/2956-4

Dykkar ref.  
«REFDATO»

Dato  
18.03.2016

## Særutskrift - 228/2 - deling av eigedom - Fjelberg - Solveig Lindås

Kvinnherad forvaltningskomite hadde saka føre i møte 16.3.2016 med vedtak nr 2016/44.  
Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

**Då saka gjeld dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl) kap 19, vert kopi av vedtaket også send til berørte regionale og statlege styresmakter for eventuell klagevurdering.**

Dette brevet er sendt elektronisk utan underskrift og vert ekspedert med e-post som inneheld lenkje til kommunen sin arkiv webmodul.

**Her kan de finna alle dokument som er vedlegg til saka.**

Dersom du vurderer å klaga på vedtaket, viser vi generelt til reglane i forvaltningslova og spesielt til plan og bygningslova §1-9.

Vi viser også til pbl §21-9 om at eit dispensasjonsløyve fell bort etter 3 år dersom eit tiltak ikkje er igangsett. Tiltak omfattar også oppretting og endring av eigedom (frådeling).

Eventuelle spørsmål kan rettast til saksbehandlar.

Med helsing

Bente Høyland  
Møtesekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Torill Slåke

Mottakarakar:

Eva Tofte	Torget 8	5411 STORD
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 Bergen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 Bergen
Solveig Lindås	Dyrnesvegen 64	5459 FJELBERG

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

*Saksmappe*   *Saksbehandlar*

2015/2956-2   Torill Slåke

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2016/44	Forvaltningskomiteen	16.03.2016

## Behandling dispensasjon - 228/2 - deling av nausttomt - Fjelberg - Solveig Lindås

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomité gjev dispensasjon frå arealføremålet LNF i arealdelen til kommuneplanen, og pbl §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag. Tomt kring eksisterande naust kan handsamast i samsvar med pbl kap 20. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, ikkje vert vesentleg sette til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Forvaltningskomiteen gjev løyve til deling etter jordlova § 12, då tiltaket ikkje vil råka dyrka eller dyrkbar mark, eller vera til vesentlege drifts- og miljøulempe på bruket.

Vilkår:

1. Parsellen må sikrast tinglyst vegrett og evt. parkering.

### Behandling i Forvaltningskomiteen den 16.03.2016

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 16.03.2016

*Kvinnherad forvaltningskomité gjev dispensasjon frå arealføremålet LNF i arealdelen til kommuneplanen, og pbl §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag. Tomt kring eksisterande naust kan handsamast i samsvar med pbl kap 20. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, ikkje vert vesentleg sette til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.*

*Forvaltningskomiteen gjev løyve til deling etter jordlova § 12, då tiltaket ikkje vil råka dyrka eller dyrkbar mark, eller vera til vesentlege drifts- og miljøulempe på bruket.*


Vilkår:

1. Parsellen må sikrast tinglyst vegrett og evt. parkering.

**Søkjær:** Solveig Lindås,  
Dyrnesvegen 64, 5459 Fjelberg  
**Søknad dagsett:** 10.10.2015

#### Om søknaden og eigedommen:

Det vert søkt om å dele frå ein nausttomt kring eksisterande naust frå 228/1 på Dyrnes – Borgundøy. Naustet skal overtakast av eigar av 228/15, dette er nå ein fritidseigedom, som tidlegare var hovudhuset. Eigarane har bruka mykje tid og krefter på å restaurera dette huset, og ynskjer gjera tilsvarande med det gamle naustet. Eigar har stor bygningsmasse å vedlikehalda som tilhører garden og gardsdrifta. Dersom eigedommen skulle ha behov for nytt naust, ligg det eit naustområde like ved. Eigar meiner det er bra at naustet vert teke vare på for ettertida.



#### Arealstatus og strandsone

Tiltaket ligg i LNF-område der landbruk er dominerande i kommuneplanen for Halsnøy-område, vedtatt 25.09.2008. Rådmannen vurderer den omsøkte eigedommen til å liggja innanfor funksjonell strandsone.

#### Nabovarsel

Naboar /gjenbuarar er varsla, og det har ikkje kome merknader.

#### Uttale frå regionale og statlege styresmakter

*Saka har vore sendt på høyring til følgjande:*

Fylkesmannen i Hordaland

Ingen merknad.

Hordaland fylkeskommune

Ingen merknad.


#### Naturmangfaldlova

Det er registrert eit viktig friluftslivområde – Halsnøy Syd:

<http://faktaark.naturbase.no/KartlagtFriluftsliv?id=FK00006617>

#### Kulturminne

Naustet er registret i SEFRAC-registert – ref.nr: 12240039225.



### **Støy**

Sjekk ut eventuell konflikt i høve til aktuelle støykart. Stadfest også dersom det ikkje er konflikt

### **Klimatilpassing**

Det må takast omsyn til stormflo og evt. havstiging i framtida.

### **Veg, vatn og avløp**

Det er ikkje søkt om vatn/avlaup. Det må sikrast vegrett over avgjervarbruket. Parkering på eigen tomt.

### **Aktuelle lovheimlar**

Den planlagde fradelinga krev dispensasjon etter pbl § 19-2 frå formålet LNF i kommuneplanen for Halsnøy-området og plan- og bygningsloven § 1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.

Delinga må og vurderast etter § 12 i jordlova.

*Dersom det skal gjevast dispensasjon må omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, ikkje verta vesentleg sette til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon*




*vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.*

### **Vurdering**

Det vert søkt om deling av nausttomt kring eldre naust på gardsbruk. Bruket har lang strandline, og det er utlagt eit lite naustområde like ved det omsøkte tiltaket. Dersom garden skulle ha behov for eit funksjonelt naust, vil det vera mogleg å byggja nytt her. Kjøpar av tomta har tidlegare tatt over og restaurert det gamle hovudhuset på garden (228/15), og ynskjer nå å overta og restaurera/vedlikehalda naustet. Eigaren ser på dette som ein

god situasjon, då det er mange bygningar å halda ved like på garden. Det er inngått ein privat avtale om bruken av bryggja.



Rådmannen meiner at sidan dette er tomt kring eksisterande naust og kai, og bruken vert tilnærma den same som tidlegare, vil ikkje strandsoneverdiane og allmenn bruk av området bli vesentleg endra/råka.

### **Grunngjeving**

Ut frå utgreiinga ovanfor finn rådmannen at det kan gjevast dispensasjon til tomt kring gammalt naust, og at fordelane med dispensasjon er større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Vedlegg:

1. Søknad om deling og dispensasjon dat. 10.10.2015

Ephorte web sak [15/2956](#)